

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.  
 Tilleggsspørsmål nr.  
 Emne: *Lauving*  
 Oppskr. av: *Ola J. Rise*  
 (adresse): *Mjøen, Oppdal.*

Fylke: *S. Trøndelag*  
 Herad: *Oppdal.*  
 Bygdelag: *Helet, Drivdalen og Nardokogen.*  
 Gard:  
 G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. — *delvis.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

*74 år, Rise, Drivdalen, Kårmann.*

## SVAR

Mjukje mindre med *lauving*,  
*lauvhogging* enn i eldre tidar,  
 t. d. for ein 30 år sia.

A. 1. Det vart årvisst hogge *lauv*, men  
 mest i mindre gode høg-år.  
 Visst ikkje serleg meir under siste  
 Verdskrigen.

2. *Lauvet* var oftast hogd etter  
 slatten. Og det var helst bjørk-  
*lauv*, men òg av osp og  
 "older" (or). Det var kalla  
 å "hogg", hogge *lauv*, eller òg  
 "ta", (taka) *lauv*.

3. Dei brukte *lauvfjörn*:

Til å bøye ned greinene  
 med hadde dei ein krok på  
 sjølve fjørnet på lag slik:

Men det var òg som gjerd  
 på *lauvfjörn* som t. d. slik:  
 eller (gjert av "ljaspek") på lag slik:





Noko anna særskilt reidskap til å bage ned tærsker med ein den kroken på länvjörnet som er nemnt vit ein ikkje om no.

4. Ein har, i alle fall i seinare tid felt ned t.d. større björker (tråk og for seden si skuld) og hogd av greinene nede på marka.

x, <sup>hikijsko</sup> hogde dei om vinteren "brött" av slike björketre. Til grissar (erley) her ein rapa <sup>(Norsk skogbruk)</sup> noko länv, av björk og alder. Men hadde visst ikkje noko til å orne handa med.

Jf: B.

Same stader i Orindalen raka dei ihop og bar inn i utlöor eller slättetær nyfalle alderlänv og ospelänv både til strö og til mat, til säuer serley alderlänv 1880-90. Det vart bore inn i sekker.

x Av større björketre hogde ein av toppen; og kunne da seinare hogge länv eller "brött" av dei nye toppen eller greiner som vaks til.

Tidlegare vart toppen av mindre björker hogd av. Og så hogde dei länv av dei nye spær ~~som~~ etw kvart som dei vaks til — med nokre års millomrom.

Desse nye toppane kunne dei kalle "kollär" eller "nytrümeug".

NORSK ETNOLOGISK BRANDE



## Lauvlogging m.m.

Slik lauvskog fantst helst imma-  
gjerds. Og nokor særskilt vareteking  
kjennes ein ikkje no til.

5. Lauvet vart hogd i "kjerw" (n.), og  
sett opp i trea, helst så høgt at ikkje  
knytyra kunne nå i og rive dei  
ned. Dei vart hengt opp med tapper  
ned. Det var ikkje bra at det kom vete  
på lauvet. Silvis vart det passa  
på så ein fekk det inn så snøgt  
det vart tørt. Vi kunne og køyre  
det inn i kalle fersket og da  
kasta vi salt på dungen.

I eldre tid vart det sett i Stakk.  
Namn som Stakkstoa, "Stakkeuge",  
"Stakkstobakkii" m. fl. 4 minne  
etter lauv- og høgstekking.

På lag som ved høgstekking  
vart kjerova lagt bring i stong og  
med eit underlag av riskvist. I  
alle fall i det yttarste laget vart  
stakk-enden av kjerova vendt ut.  
Det vart stukke nokre kaste stavar  
ned oppe på tapper av stakken  
så vinden ikkje skulle få så  
godt tak. Øst på stakken kunne  
dei heuge nokre túbne lauvbærskor  
med toppen ned.

Talet på kjerw i stakken vart vel omse.



4.  
Om mengde har dei ofte sagt  
t.d. "tusen lauv" i staden for  
"tusen kjerv".

6. Fra stakken vart lauvet kjøpt  
heim på vinterfåret.

7. Det kunne bli høgd lauv  
i utmark og, serleg i eldre tid.

8. Ofte lagt oppå høystabbane  
og helst ~~med~~ utmed veggene, om  
det ikkje var så vel tært (1910-15).

Kyr og ungnaut, sauer og geiter  
fekk lauv. Naut kunne  
få kring 1/2 kjerv i gongen,  
og kjerova var på lag 1 1/2 gong  
så store som eit kornband.

9. Her var det i sein tid helst bjørklauv som  
vart nytta.

10, 11, 12, 13, 14, 15: Mindre av kjennskap  
til dette no. Råvhogging i dona (dugnad)  
og hogging "te latta" (på lutt) vart truleg  
driven i eldre tid.

— Eit slag vidjelauv, "gråvi", reknar  
ein med at kyrne nyttar i setvamma  
t.d. i Orkelbala i Oppdal — enda for  
grasbeitet kjem seg om varen. Og dette  
lauvet er truleg slegen i dag eit godt tilskot  
til somarbeitet for kreytjer i inne i fjellom  
kring 1000 m. o. h.

B. Låv av omse slag: bjørk, alder, asp m.m. vart  
raka samnan med rive. Detst kalla "dåvlåv" og  
gjeve småkreytjer utan blanding til mat, eller "strö" (Sjå under 4.)

2111